

MERKNADSSKJEMA - FORSLAGSSTILLERS KOMMENTARAR TIL MERKNADER OG INNSPEL -OPPSTART

Plannavn	Fossemyra Idrettsanlegg
Arealplan-ID	1256 2016 0005
Saksnummer	
Utarbeidet av	Arkoconsult AS
Datert/Revidert	19.05.2017/19.10.2017

Avsendar	Hovedpunkt i merknad / uttale	Forslagsstillers kommentar
2 NVE 07.04.2017	NVE har ingen innspel til planarbeidet.	Innspel vert teke til orientering.
1 Statens vegvesen 20.04.2017	<p>Ber om at følgjande tema vert tekne omsyn til;</p> <ul style="list-style-type: none"> • Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til fylkesveg (kryss, avkjørsler, busslommer, tilbud til mjuke trafikantar m.m.) • Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. lokalsenter, busshaldeplassar, skule, m.m.) • Byggjegrenser til riksveg/fylkesveg • Vegtrafikkstøy • Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker <p>Dei er elles spesielt oppteken av om tiltaket vil skape meir biltrafikk til området og gjer merksam på at fylkesveg 244 (Sagstadvegen) mellom Fossemyra og Frekhaug ikkje toler meir trafikk slk tilhøva er i dag, spesielt i høve til mjuke trafikantar. Dei ber difor om at det i planarbeidet utarbeidas tein trafikkanalyse som omtaler korleis trafikken vil endre seg ved bygging av hallen. Denne må leggjast til grunn for det vidare arbeidet.</p> <p>Dersom tiltaket vil skape meir trafikk enn dagens reguleringsplan gjev grunnlag for, vil dei be om at det vert sett rekkjefølgjekrav om trygt gang- og sykkeltilbod lang fv244 før ein kan starte bygging av idrettshallen. Statens vegvesen vil venteleg lage reguleringsplan for gang- og sykkeltilbod langs fv244 i løpet av dei nærmaste åra, men det er ikkje sett av byggjemildar til tiltaket.</p>	<p>Tiltaket og reguleringsendringa gjeld eit avgrensa område inne på sjølve idrettsanlegget og vil ikkje få konsekvensar i høve til nemnde kulepunkt (planendringa omfattar ikkje eller grensar til vegareal).</p> <p>Ere lagt inn kap. Trafikkanalyse i planskildring der det vert gjort greie for at kapasiteten på anlegget i dag allereie er maks i høve til antal ballbaner slik at tiltaket med ny idrettshall ikkje vil skape meir trafikk til idrettsanlegget. Dette då ein ikkje får fleire banar eller meir areal til fotballbanar innan idrettsanlegget (vert i praksis grusbana i sør ved parkeringsplassen som flyttast nordover og inn i hallen.</p>

<p>2 Naboar i Sagstad-vegen 99 og 101 18.04.2017</p>	<p>Som dei nærmaste naboar med bustader tett på vestgrensa til idrettsanlegget vil dei verte sterkt berørt av IL Kvernbit sine byggeplanar. Dei har følgjande merknader:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Handsamingsprosess av reguleringsplan etter plan og bygningslova • Plassering av forballhallen på noverande friområde for idrettsbanar • Storleik på hallen • Lanlagt bruk av hallen <p><u>Endring av eksisterande reguleringsplan</u> Viser til at dei planlagde endringar med bygging av ny idrettshall innan friområde idrettsbanar ikkje kan sjåast som mindre endringar då det ikkje ligg innan hovudtrekka for planen</p> <p><u>Plassering av fotballhallen på noverande friområde for idrettsanlegg</u> Viser til at hallen er planlagd langs og parallelt med grasbane nord og så tett inn mot deira grense i vest som lova tillet. Dvs om lag 10 m frå husvera i Sagstadvegen 99B og 101A. Med høgd 13,3 m vert hallen 1-2 m høgare enn deira hus. Dette vil blokkere det meste av utsyn og for husveret i 101A og B og sterkt redusere ljøs. Vert vist til at det frå IL Kvernbit er uttalt at ein ønskjer vrimleareal mellom Meland Aktiv og fotballhallen. Dvs om lag 30 m mens avstand til deira husvere vert 10 m, noko som vil medføre sterke negative konsekvensar for dei som bebuare, både ved redusert sikt og ljostilhøve, samt at det vil forringe verdien av deira husvere. Dei ber difor om at ein ser på fleire alternativ.</p> <p><u>Storleik på hallen</u> Viser til at storleik på hallen vil vere avgjerande for konsekvensar bygget for for dei som nærmaste naboar. Dei har forståing for at høgda på 13.3 m er naudsynt, men arealmåla på 80 x 50 kan reduserast utan nemneverdig reduksjon i kvalitet og nytte. Viser til at ei sjuarbane på 39 x 62 m skal få plass i hallen, men at NFF anbefalar ein storleik på 30 x 50 på sjuarbane. Med desse måla kan hallen difor fint reduserast til 40 x 70 m.</p> <p><u>Tiltenkt bruk av hallen</u> Viser til at det frå representantar frå IL Kvernbit er antyda at hallen vil kunne medføre ekstraintekter ved utleige til konsertar og likn. Med planlagd plassering og storleik vil dei på det sterkaste motsette seg ein slik bruk og planar om dette uroar dei djupt.</p>	<p><u>Endring av eksisterande reguleringsplan</u> Planarbeidet vert gjennomført som full endring og ikkje mindre endring.</p> <p><u>Alternativ plassering av fotballhallen</u> Ein har sett på område i sør der noverande grusbane ligg og grunntilhøva her er for dårleg for at det kan byggast ein idrettshall her utan ein fordyrande masseutskifting. Det vil i så fall fordyre prosjektet så mykje at det ikkje vil kunne gjennomførast med dei midlar IL Kvernbit har. Elles er det ikkje andre område innan idrettsanlegget det er mogleg å plassere hallen innafor dei mildar idrettslaget har.</p> <p>Elles vil hjørne av sjølve hallen liggje 12-13 frå nærmaste husvere, nr 101 (hjørne på tilbygg til hallen vil liggje om lag 10 -11 m frå nr 101, men dette er mykje lågare om ligg under grunnplanet til husvera. Sjå terrengprofil A) Ved at hallen skal ha bua tak vil ikkje hjørne av hallen mot byggjegransa ha ein høgd på 13,3 m men ein gesimshøgd på 6-7 m. Dvs at mønehøgda med 13,3 kjem om lag 24 m frå nærmaste husvere i vest, Sagstadvegen 101 og 27-28 m frå nr 103. Utsikta mot idrettsanlegget vil verte noko mindre, men ljostilhøva vil ikkje verte negativt påverka i nemneverdig grad. I høve til skuggje frå hallen ligg også hallen aust for husvera slik at det kun vil vere tidleg morgon hallen vil kaste skuggje mot vest. Sol- og skuggjediagram for jamndøger, 21. mars/sept. når sola står relativt lågt, viser at det så tidleg som kl 0900 ikkje fell noko skuggje på bustadområdet.</p> <p><u>Storleik på hallen</u> IL Kvernbit ønskjer ein fullverdig 7-bane på 39 x 62 m slik grusbana er i dag og då vert ein hall på 40 x 70 m for liten.</p> <p><u>Tiltenkt bruk av hallen</u> Det er ikkje planlagd fleirbruk av hallen og dagleg leiar av IL Kvernbit har opplyst at det ikkje vert konsertar og likn. i hallen då det ikkje er kapasitet til slik fleirbruk.</p>
--	--	---